



VIKEDAL UNGDOMSLAG.....*for ei aktiv bygd!*

ÅRSMELDING VIKEDAL UNGDOMSLAG 2005

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Kari Skogen (kasserar), Venke Helgesen (skrivar), Ingebjørg R. Gjerde
Svein Bjarte Holten, Vegar Blikra, Johannes H. Leifsen, Leif Kåre H. Sigmundstad

Vikedal ungdomslag har hatt eit innhaldsrikt år – **mykje har skjedd** under laget sin regi.

Vikedal ungdomslag har hatt **vervekampanje** som til dels var vellukka; resultatet blei at medlemsmassen auka ein del.

Vidare har ein etablert eit øvingslokale med nyinnkjøpte musikkinstrument som medlemmer kan låne etter behov; dette rommet har fått namnet "**Musikkloftet**".

Aerobic på bygdehuset med Ivana Helgesen som instruktør blei også prøvd.

Under **hundrearsmarkeringa for unionsoppløysinga** som Vindafjord kommune stod i spissen for (11. juni) tok ungdomslaget på seg å ha ansvaret for vakthald, pynting, lyd, scene m.m. – dette arrangementet gjekk knirkefritt frå vår side. Laget tente ein slant på dette arrangementet. Stort sett var det styremedlemmer som stod for jobben.

Vikedal ungdomslag har i laupet av dette året etablert ei barneteatergruppe som har fått namnet "**Kinaputten**". 13. juni hadde dei framsyninga "Atter ei Raudhette" til stor suksess. Instruktørar var Inger Opsal, Siv Marit Bakkedal Espenvoll og Siw Elena Eide Seldal.

Dette året har også laget hatt eit samarbeid med **Zportyfestivalen** – her hadde me ansvaret for å skaffe vakter heile veka.

Leiar Nils Erik Eide var også medlem av juryen til "Popstjerna".

Ungdomslaget arrangerte Diskotek for deltakarane på Bygdehuset.

Under **Sommarfestivalen** hadde ungdomslaget det årlege underhaldningsinnslaget for ungane – dette var også i år vellukka. Kaptein Hjørnetann og hans to hjelparar fekk til og med Ordføraren til å gå planken.

Etter ferien starta arbeidet med julerevyen "**Ikkje bra; men godt nok...**" opp. Revygruppa Port Salutt fekk gode tilbakemeldingar på revyen.

Det var ein stor produksjon med julemat (Matmonsen), revy og dans. Fredag 2. – og laurdag 3. desember spelte ein for fullsett sal.

Det blei også sett opp ekstraførestilling sundag 4. desember. Også då møtte det masse folk.

Vikedal ungdomslag søkte om å få arrangere **to bingoarrangement**; dette gjekk gjennom.

Styret har gjort ein **framifrå innsats** dette året; me har hatt hyppige møter og oppnådd mykje av måla som me sette oss føre dette året.

Takk for god innsats!

30.03.06

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal ungdomslag

Adresse/tlf/e-post:

Vikedal ungdomslag, Postboks 13, 5586 Vikedal
Telefon: 52 76 05 04 - Mobil: 48 69 08 55
E-post: eideriss@online.no

Kontonummer:
3244 05 20501



Org. nummer:
984 039 883

www.vikedal.no/ungdomslag

Styremedlemmer 2005:

Nils Erik Eide (leiar), Kari Skogen (kasserar)
Ingebjørg R. Gjerde, Venke Helgesen, Vegar Blikra
Johannes H. Leifsen, Svein Bjarte Holten, Leif Kåre H. Sigmundstad